

Vintervedlikehald for Stranda kommune

Del 2: Kontraktsgrunnlag



Stranda kommune

Saksnummer: 2026/03

Næring og teknisk

Veg, vatn og avløp

Innholdsfortegnelse

1	ALMINNELEGE KONTRAKTSFØRESEGNER	5
1.1	ARBEIDETS OMFANG	5
1.2	AVTALAS INNHOLD	5
1.3	TOLKING OG RANGORDNING	5
1.4	VEDLEGG	5
2	SPEIELLE KONTRAKTSFØRESEGNER	6
2.1	BRUK	6
2.2	AVTALEPERIODE OG OPPSEIING	6
2.3	LEVERANDØREN SINE PLIKTER	6
2.3.1	<i>Utføring av tenester</i>	6
2.3.2	<i>Utstyr og maskiner</i>	6
2.3.3	<i>Ansvar for skade på tredjeparts eiendom</i>	6
2.4	KUNDEN SINE PLIKTER	7
2.5	BEREDSKAPSTILLEGG OG BEREDSKAPSPERIODE	7
2.6	ATTERHALD OM ENDRING AV RØDER	7
2.7	GPS-REGISTRERING	7
2.8	TEIEPLIKT	7
2.9	MØTE	7
2.10	SERIØSITETSKRAV	8
2.10.1	<i>HMS-kort</i>	8
2.10.2	<i>Krav til lønns- og arbeidsvilkår</i>	8
2.10.3	<i>Bruk av underleverandørar, under dette innleigd arbeidskraft frå bemanningsforetak</i>	8
2.10.4	<i>Krav om betaling til bank m.m.</i>	9
2.10.5	<i>Obligatorisk tenestepensjon (OTP)</i>	9
2.11	ETISKE OG SOSIALE KRAV	10
2.11.1	<i>Overordna</i>	10
2.11.2	<i>Forbod mot barnearbeid (FNs barnekonvensjon artikkel 32, ILO-konvensjon nr. 138 og 182)</i>	10
2.11.3	<i>Tvangsarbeid/slavearbeid (ILO-konvensjon nr. 29 og 105)</i>	11
2.11.4	<i>Diskriminering (ILO-konvensjon nr. 100 og 111)</i>	11
2.11.5	<i>Organisasjonsfriheit og retten til kollektive forhandlingar (ILO-konvensjon nr. 87 og 98)</i>	11
2.12	LÆRLINGAR	11
3	VEDERLAG, BETALINGSVILKÅR OG ADMINISTRATIVE RUTINAR	11
3.1	TIMEPRISAR	11
3.2	PRISREGULERING	11
3.3	FAKTURERINGSRUTINAR	12
3.4	FORSEINKINGSRENTE	12
3.5	BETALINGSMISLEGHOLD	12
4	MISLEGHOLD	12
4.1	KVA SOM VERT REKNA SOM MISLEGHOLD	12
4.2	VARSLINGSPLIKT	12
4.3	SANKSJONAR VED MISLEGHOLD	13
4.3.1	<i>Tilbakehald av ytingar</i>	13
4.3.2	<i>Dagbot</i>	13
4.3.3	<i>Prisavslag</i>	13
4.3.4	<i>Heving</i>	13
4.3.5	<i>Erstatning</i>	14
5	ANDRE VILKÅR	14

5.1	FORSIKRING	14
5.2	FORCE MAJEURE	14
6	OVERFØRING AV RETTIGHEITER OG PLIKTER	15
7	TVISTAR	15

Tenestekontrakta er inngått mellom:

Xxxx

Org.nr. XXX

(heretter kalt Leverandøren)

Og

Stranda kommune

Org.nr. 964 980 098

(heretter kalt Oppdragsgjevar/Kunden)

Partanes kontaktpersonar:

Kundens kontaktperson:	Leverandørens kontaktperson:
Namn	Namn
Tittel	Tittel
Tlf.nr	Tlf.nr
e-mail	e-mail

Avtalen gjeld frå signeringsdato.

For Kunden

For Leverandøren

Stad og dato

Stad og dato

Underskrift Kunde

Underskrift Leverandør

Avtala underteiknast i to eksemplar, eitt til kvar part.

1 ALMINNELEGE KONTRAKTSFØRESEGNER

1.1 Arbeidets omfang

Formålet med anskaffinga er å dekkje Stranda kommune sitt behov for vintervedlikehald av kommunale vegar, for rode 101 Stranda, Storgjerde/Langlo/Jakob.

For vidare skildring av avtala, sjå vedlegg 2 Kravspesifikasjon.

1.2 Avtalas innhald

Avtala (heretter kalla avtala) gjeld vintervedlikehald av kommunale vegar i Stranda kommune (heretter kalla teneste). Avtala er ei tenestekontrakt. I denne avtala inngår Stranda kommune (heretter kalla kunde).

1.3 Tolking og rangordning

Ved motstrid gjeld dokumenta i nemnte rekkefølge:

1	Kontraktsmøtereferat, datert <sett inn>
2	Kontraktsgrunnlaget (dette dokumentet)
3	Leverandørens tilbud
4	Konkurransegrunnlag med vedlegg og korrespondanse i KGV

1.4 Vedlegg

I tillegg til dette dokumentet inneheld avtala:

- Vedlegg 1 Pris og utstyr
- Vedlegg 2 Kravspesifikasjon
- Vedlegg 3 Rodekart rode 101
- Vedlegg 4 Oversikt rode 101

2 SPESIELLE KONTRAKTSFØRESEGNER

2.1 Bruk

Denne kontrakten er ei tenestekontrakt mellom Stranda kommune og leverandør om kjøp av tenester. Leverandøren har ved inngåing av kontrakten godteke oppdragsgjevar sine føreliggjande vilkår for tenestekjøp. Leverandørens eigne kontraktsføresegner gjeld ikkje.

2.2 Avtaleperiode og oppseiing

Avtala har ein varigheit på 2 brøytesesongar, med opsjon på 1 + 1 sesong, totalt ca. 3,5 år. Opsjonane går automatisk om ikkje oppdragsgjevar seier opp avtaleforholdet ved skriftleg varsel innan 3 mnd før utløpet av avtalen/opsjonen. Kunden har i alle høve ei rett til å seie opp avtala med tre månaders skriftleg varsel.

2.3 Leverandøren sine plikter

2.3.1 Utføring av tenester

Leverandør skal gjennomføre tenestene profesjonelt, effektivt, med høg fagleg standard og i tråd med avtala.

Leverandør skal lojalt samarbeide med Kunden og ivareta Kunden sine interesser.

Leverandør skal utføre tenestene i samsvar med ein kvar tid gjeldande lover og forskrifter.

Leverandør skal innhente og oppretthalde alle naudsynte løyver i samband med utføringa av tenesta, og skal på Kundens førespurnad leggje fram dokumentasjon på at naudsynte løyver ligg føre.

Leverandør er ansvarleg for at fagpersonell som utførar teneste for Kunden har alle offentlege godkjenningar, fagbrev, sertifiseringar og liknande som er naudsynt for å utføre tenesta.

Leverandør skal sørge for at alt av fagpersonell har gyldig arbeidsløyve, og at lovbestemte krav til arbeidstid og overtid etterlevast.

Leverandøren skal sørge for at Kundens krav til løn- og arbeidsvilkår vert etterlevd gjennom heile avtala.

Leverandør skal utan ugrunna opphald varsle om tilhøve som har forstår eller bør forstå kan få innverknad på gjennomføringa av tenesta, medrekna eventuelle forventa forseinkingar.

Leverandøren pliktar å svare på Kunden sine førespurnadar så raskt som mogleg.

2.3.2 Utstyr og maskiner

Leverandør er ansvarleg for å ha alt naudsynt utstyr som krevjast for at arbeidet skal kunne utførast på ein tilfredsstillande måte. Dette gjeld spesielt i høve brøyting av grusveggar og brøyteskadar på desse.

Utstyret skal vidare vere av ein slik art at arbeidet kan utførast effektivt utan unødig tidsbruk. Dette gjeld for eksempel breidde på plog, storleik på strøkkasse og liknande.

2.3.3 Ansvar for skade på tredjeparts eigedom

Leverandør er sjølv ansvarleg for eventuelle skadar som oppstår på tredjeparts eigedom i samband med utføring av tenesta.

2.4 Kunden sine plikter

Kunden skal lojalt medverke til gjennomføring av tenesta.

Førespurnadar frå Leverandør skal svarast på utan ugrunna opphald.

Kunden skal utan ugrunna opphald varsle om forhold som Kunden forstår eller bør forstå kan få innverknad på gjennomføringa av tenesta, medrekna eventuelle forventa forseinkingar.

2.5 Beredskapstillegg og beredskapsperiode

Brøytesesongen / beredskapsperioden varer frå 15. oktober til og med 15. april kvart år.

Kunden kan også be om brøyting utanom dette tidsrommet, dersom særskilde vêrtilhøve gjer det naudsynt. Brøyting utanom beredskapsperioden følgjer ordinær timepris.

Beredskapstillegget er på kr 15 770,- per måned per rode for sesongen 2026-2027.

Beredskapstillegget vert justert årleg etter same indeks som einingsprisane.

2.6 Atterhald om endring av roder

Kunde tek atterhald om at det i løpet av kontraktsperioden kan bli gjort endringar/justeringar i vegmengdene/rodelengdene dersom avdeling for næring og teknisk eller politiske prosessar finn det naudsynt.

2.7 GPS-registrering

Leverandøren skal nytte elektronisk logging (GPS) for utføring av brøytinga i køyretøyet i kontraktsperioden. Elektronisk logging er grunnlag for antall timar som kan fakturerast. Leverandør må sjølve halde for utstyr til logging i app.

2.8 Teieplikt

Informasjon som partane vert kjende med i samband med avtala og utføringa av tenesta, skal behandlast konfidensielt og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan samtykke frå den andre parten.

Teieplikta gjeld også etter at avtala er avslutta. Tilsette eller andre som fråtrer tenesta si hos ein av partane, skal påleggast teieplikt også etter fråtredinga om forhold som nemnt ovanfor.

Teieplikt er elles regulert i den enkelte tildelingsavtala og i relevant lov eller forskrift.

2.9 Møte

Dersom ein part finn det naudsynt, kan parten med minst 3 (tre) verkedagars varsel innkalle til møte med den andre parten for å drøfte tilhøve knytt til avtala og måten tenesta vert gjennomført på.

2.10 Seriøsitetskrav

2.10.1 HMS-kort

Alle arbeidstakarar skal bere eit gyldig HMS-kort utferda av Arbeidstilsynet, godt synleg. Ordrestadfesting, søknadsskjema o.l. blir ikkje akseptert som HMS-kort.

2.10.2 Krav til lønns- og arbeidsvilkår

underleverandørar (medrekna innleigde) som medverkar direkte til oppfyllinga av kontrakten, har lønns- og arbeidsvilkår i samsvar med:

- Allmenngjord tariffavtale, der slike kjem til bruk.
- Anskaffelsesloven §§ 5e og 5f, der desse kjem til bruk.

På område som ikkje er dekte av forskrift om allmenngjord tariffavtale, skal lønns- og arbeidsvilkåra vere i samsvar med landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransjen. Med lønns- og arbeidsvilkår meiner ein føresegner om minste arbeidstid, lønn, medrekna overtidstillegg, skift- og turnustillegg og ulempetillegg, og dekning av utgifter til reise, kost og losji, i den grad slike føresegner følgjer av tariffavtalen.

Leverandøren pliktar, etter skriftleg førespurnad og innan ein rimeleg frist, å dokumentere lønns- og arbeidsvilkåra for eigne arbeidstakarar og arbeidstakarar hos eventuelle underleverandørar (medrekna innleigde). Dette gjeld berre arbeidstakarar som medverkar direkte til oppfyllinga av kontrakten. Opplysningane skal dokumenterast mellom anna ved kopi av arbeidsavtale, lønsslipp, timelister og bankutskrift frå arbeidsgivaren. Dokumentasjonen skal vere på personnivå, og det skal gå fram kven han gjeld.

Ved brot på krava til lønns- og arbeidsvilkår skal leverandøren utan ugrunna opphald rette forholdet. Dersom brotet på lønns- og arbeidsvilkåra har skjedd hos ein underleverandør (medrekna bemanningsselskap), er rettingsplikta avgrensa til krav som er fremja skriftleg innan tre månader etter forfallsdatoen for lønna, både for krav som følgjer av allmenngjord tariffavtale og landsomfattande tariffavtale. Dei vilkåra og avgrensingane som følgjer av lov 4. juni 1993 nr. 58 om allmenngjøring av tariffavtaler m.v. (allmenngjøringsloven) § 13, skal gjelde i begge desse tilfella.

Oppdragsgivaren kan halde tilbake eit beløp tilsvarande om lag to gonger innsparinga for leverandøren dersom det ligg føre mishald av dokumentasjonsplikta eller mishald av krava til lønns- og arbeidsvilkår. Før tilbakehald kan setjast i verk, skal byggherren skriftleg ha gitt leverandøren ein rimeleg frist til å rette forholdet, med varsel om tilbakehald dersom dette ikkje skjer. Dersom mishaldet ikkje blir retta innan fristen, skal vederlaget avkortast tilsvarande.

Oppdragsgivaren kan skriftleg heve kontrakten ved vesentleg mishald av dokumentasjonsplikta eller av krava til lønns- og arbeidsvilkår hos leverandøren, sjølv om leverandøren rettar forholda.

Dersom det vesentlege mishaldet har skjedd i underleverandørleddet (medrekna bemanningsselskap), kan oppdragsgivaren på same måte krevje at leverandøren skiftar ut underleverandøren. Dette skal skje utan kostnader for byggherren.

Alle avtalar leverandøren inngår om utføring av arbeid under denne kontrakten, skal innehalde tilsvarande føresegner.

2.10.3 Bruk av underleverandørar, under dette innleigd arbeidskraft frå bemanningsforetak

Leverandøren kan ikkje ha fleire enn to ledd med underentreprenørar i kjeda under seg, jf. anskaffingsloven § 5k. Leverandøren sin bruk av enkeltpersonføretak skal grunngjevast skriftleg. Bruk av bemanningsselskap skal varslast til byggherren og er underlagd arbeidsmiljølova, mellom anna kravet om likebehandling i § 14-12 a. Byggherren kan berre nekte slik bruk dersom han har sakleg grunn.

2.10.4 Krav om betaling til bank m.m.

Lønn og anna godtgjersle til leverandøren sine eigne tilsette, tilsette hos underleverandørar og innleigde som medverkar direkte til å oppfylle kontrakten, skal betalast via bank eller anna føretak med rett til å drive betalingsformidling.

Leverandøren pliktar, etter skriftleg førespurnad og innan ein rimeleg frist, å dokumentere at kravet er oppfylt, mellom anna ved kopi av bankutskrift frå leverandøren som viser at lønn og anna godtgjersle er betalt til kontoen til arbeidstakaren. Dokumentasjonen skal vere på personnivå, og det skal gå fram kven han gjeld.

Ved brot på kravet om betaling via bank mv. skal leverandøren sørgje for retting ved at kontantbetalinga straks tek slutt.

Oppdragsgivaren har rett til å halde tilbake eit beløp tilsvarande om lag to gonger det beløpet som er betalt kontant i strid med føresegnene i kontrakten. Før tilbakehald kan setjast i verk, skal oppdragsgivaren skriftleg ha gitt leverandøren ein rimeleg frist til å rette forholdet, med varsel om tilbakehald dersom dette ikkje skjer. Retten til tilbakehald fell bort så snart retting etter førre ledd er dokumentert. Dersom kravet ikkje er retta innan overtakinga, skal vederlaget avkortast tilsvarande.

Vesentleg mishald av kravet om betaling av lønn og anna godtgjersle via bank mv., medrekna dokumentasjonsplikta, kan gjerast gjeldande av oppdragsgivaren som grunnlag for heving, sjølv om leverandøren rettar forholda. Dersom brotet har skjedd i underleverandørleddet (medrekna bemanningsselskap), kan oppdragsgivaren krevje at leverandøren skiftar ut underleverandøren. Dette skal skje utan kostnader for oppdragsgivaren.

Alle avtalar leverandøren inngår om utføring av arbeid under denne kontrakten, skal innehalde tilsvarande føresegner.

2.10.5 Obligatorisk tenestepensjon (OTP)

Leverandøren er ansvarleg for at eigne tilsette, tilsette hos underleverandørar (medrekna innleigde) som medverkar direkte til å oppfylle kontrakten, har obligatorisk tenestepensjon i samsvar med lov om obligatorisk tenestepensjon.

Leverandøren pliktar, etter skriftleg førespurnad og innan ein rimeleg frist, å dokumentere at alle arbeidstakarar som medverkar til å oppfylle kontrakten, og som er omfatta av ei obligatorisk tenestepensjonsordning, er melde inn i ei slik ordning. Dokumentasjonen kan omfatte kopi av signert avtale med pensjonsinnretning som viser at leverandøren og/eller underleverandøren har inngått gyldig avtale om OTP-ordning, samt dokumentasjon, til dømes i form av faktura mv., som viser at arbeidstakarar som medverkar direkte til å oppfylle kontrakten, er melde inn i OTP-ordninga.

Ved brot på kravet til obligatorisk tenestepensjon skal leverandøren rette forholdet.

Oppdragsgivaren har rett til å halde tilbake eit beløp tilsvarande om lag to gonger innsparinga for arbeidsgivaren inntil det er dokumentert at brotet på kravet til obligatorisk tenestepensjon er retta.

Før tilbakehald kan setjast i verk, skal byggherren skriftleg ha gitt leverandøren ein rimeleg frist til å rette forholdet, med varsel om tilbakehald dersom dette ikkje skjer. Dersom kravet ikkje er retta innan overtakinga, skal vederlaget avkortast tilsvarande.

Vesentleg mishald av kravet til obligatorisk tenestepensjon, medrekna dokumentasjonsplikta hos leverandøren, kan gjerast gjeldande av oppdragsgivaren som grunnlag for heving, sjølv om leverandøren rettar forholda. Dersom brotet har skjedd i underleverandørleddet (medrekna bemanningsselskap), kan oppdragsgivaren krevje at leverandøren skiftar ut underleverandøren. Dette skal skje utan kostnader for oppdragsgivaren.

Alle avtalar leverandøren inngår om utføring av arbeid under denne kontrakten, skal innehalde tilsvarande føresegner.

2.11 Etiske og sosiale krav

2.11.1 Overordna

Kunden forvaltar fellesskapets ressursar og har eit ansvar for å anskaffe varer og tenester som er produsert på ein lovleg og etisk forsvarleg måte. Leverandør er forplikta til å etterleve kundens etiske og sosiale krav i eiga verksemd, samt bidra til etterlevelse hos den eller dei underleverandørar som medverkar til oppfyljing av denne kontrakt.

Våre leverandørar og avtalepartnerar skal respektere grunnleggjande krav til menneskerettigheiter, arbeidstakarrettigheiter og miljø. Varer og tenester som leverast til kunde skal vere framstilt under forhold som er forenelege med krava angitt nedanfor. Krava bygg på sentrale FN-konvensjonar, ILO-konvensjonar og nasjonal arbeidslovgiving på produksjonsstaden. I samsvar med FNs vegledande prinsipp for næringsliv og menneskerettigheiter (UN GP) har selskap eit sjølvstendig ansvar for å respektere dei internasjonale anerkjente menneskerettigheitene og ILOs kjernekonvensjonar (prinsipp 12). Dette gjeld også for offentlege verksemdar i deira anskaffingar (prinsipp 6 – Aktsomheitsvurdering med omsyn til menneskerettigheiter (Human Rights Due Diligence) er ein anerkjent og anbefalt metode for å fremje slike rettigheiter, <http://www.responsiblebusiness.no/>).

Kunden, eller den han bemyndiger, har rett til å gjennomføre varsla og uanmeldte kontrollar hos leverandør, og på arbeidsstad i kontraktperioda. I tilfelle kontroll pliktar leverandør å oppgje namn og kontraktsopplysningar på underleverandørar.

Ved kontroll av løns- og arbeidsvilkår pliktar leverandør å sende timelister, lønsslippar og arbeidskontraktar for alle definerte arbeidstakarar. Dette skal sendast samla til oppdragsgjevar innan 3 verkedagar.

Ved avtaleoppfølging, eller ved eventuell mistanke om misleghald, tilfell all dokumentasjonsplikt leverandør.

Brot på denne avtalas punkt «Etiske og sosiale krav» er å rekne som vesentleg misleghald.

2.11.2 Forbod mot barnearbeid (FNs barnekonvensjon artikkel 32, ILO-konvensjon nr. 138 og 182)

- Barn under 15 år (14 eller 16 år i enkelte land) skal ikkje utføre noko type arbeid som er til hindring eller skade for deira utdanning og/eller utvikling.
- Barn under 18 år skal ikkje arbeide nattskift, eller utføre noko type arbeid som vil setje deira sikkerheit, fysiske og/eller mentale helse i fare.

- Barn har rett til å bli beskytta mot økonomisk utnytting i arbeid.

2.11.3 Tvangsarbeid/slavearbeid (ILO-konvensjon nr. 29 og 105)

- Tvangsarbeid eller ufrivillig arbeid skal ikkje førekome i noko form, herunder også som eit middel for opplæring, straff eller for å fremje arbeidsdisiplin.
- Arbeidstakarar skal ikkje måtte levere depositum eller identifikasjonspapir til arbeidsgjevar.
- Arbeidstakarar er fri til å avslutte arbeidstilhøvet etter ei rimeleg oppseiingstid.

2.11.4 Diskriminering (ILO-konvensjon nr. 100 og 111)

- Arbeidstakarar skal ikkje forskjellsbehandlast på grunnlag av kjønn, rase, hudfarge, religion, politisk oppfatning, nasjonalt opphav, sosial status, fagforeiningsarbeid eller personlege tilhøve i arbeidssituasjonar eller i tilgang til arbeid.
- Løna skal vere lik for likt arbeid.

2.11.5 Organisasjonsfriheit og retten til kollektive forhandlingar (ILO-konvensjon nr. 87 og 98)

- Arbeidstakarar og arbeidsgjevarar har rett til å danne, eller slutte seg til dei organisasjonar dei sjølv måtte ønskje, og til å drive kollektive forhandlingar og dele innhaldet.
- All aktivitet i høve til denne organiseringa skal skje heilt utan represaliar eller andre formar for forulemping for deltakarar.
- Arbeidsgjevar må på inga måte hindre arenaer for møter og kollektive forhandlingar.

Der organisasjonsfriheit og retten til kollektive lønsforhandlingar er begrensa ved nasjonal lov, skal arbeidsgjevar leggje til rette for, og ikkje hindre, parallelle mekanismar til fri og uavhengig organisering og forhandling.

2.12 Lærlingar

Det gjeld ingen lærlingeklausul for denne kontrakten.

3 Vederlag, betalingsvilkår og administrative rutinar

3.1 Timeprisar

Leverandøren sin timepris skal gjelde uavhengig av når arbeidet utførast på døgnet, slik at eventuelle skifttillegg og overtid er inkludert. Timeprisane er eks. mva., men inkludert alle andre skattar og avgifter. Pris skal også inkludere alle kostnader for utføring av oppdraget, slik som bruk av eige personell/ maskin/ utstyr/ drivstoff administrasjonskost og all naudsynt transport til og frå roden.

3.2 Prisregulering

Prisane er faste fram til 01.10.2027. Prisane kan deretter regulerast ein gong per år.

Regulering av prisen er avgrensa oppad til eit beløp som tilsvarar auka i Statistisk Sentralbyrås KPI for drift og vedlikehald av vegar. Utgangspunktet er SSB indeks 08663 for vinterdrift av vegar for K2 2026. Regulering skal vere etter K2 kvart år.

3.3 Faktureringsrutinar

Fakturering skal skje månadleg og elektronisk. Kunden har rett til å returnere fakturaer som ikkje tilfredsstiller desse krava.

Det skal ikkje betalast ekspedisjons- eller fakturagebyr.

Leverandørens fakturaer skal spesifiserast og dokumenterast slik at oppdragsgjevar enkelt kan kontrollere fakturaen i høve det avtalte vederlag.

Kunden skal føreta betaling seinast 30 dagar etter mottak av faktura. Kunden skal godkjenne kvar betaling dersom ikkje anna avtalast skriftleg mellom partane.

Fakturering skal vere i samsvar med kommunens faktureringsrutinar:

<https://www.stranda.kommune.no/nyheiter-pa-framsida-aktuelt/faktura-til-stranda-kommune.12047.aspx>

3.4 Forseinkingsrente

Dersom Kunden ikkje betalar til avtalt tid, har Konsulenten krav på rente av det beløpet som er forfalle til betaling, i samsvar med lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinka betaling m.m. (forseinkingsrentelova).

3.5 Betalingsmislegald

Dersom forfalle vederlag med tillegg av forseinkingsrenter ikkje er betalt innan 30 kalenderdagar frå forfall, kan Leverandøren sende skriftleg varsel til Kunden om at avtala vil verte heva dersom oppgjer ikkje er skjedd innan 60 kalenderdagar etter at varselet er mottatt.

Heving kan ikkje skje dersom Kunden gjer opp forfalle vederlag med tillegg av forseinkingsrenter innan utløpet av fristen.

4 Mislegald

4.1 Kva som vert rekna som mislegald

Det føreligg eit mislegald dersom ein av partane ikkje oppfyller forpliktingane sine etter avtala, og det ikkje kjem av forhold som den andre parten er ansvarleg for, eller force majeure.

4.2 Varslingsplikt

Dersom ein av partane ikkje kan oppfylle pliktene sine som avtalt, skal parten så raskt som mogleg gi den andre parten skriftleg varsel om dette. Varselet skal opplyse om årsaka til problemet og så vidt det er mogleg angi når ytinga kan leverast. Tilsvarende gjeld dersom det må reknast med ytterlegare forseinkingar etter at første varsel er gitt.

4.3 Sanksjonar ved misleghald

4.3.1 Tilbakehald av ytingar

Ved misleghald frå Leverandøren kan Kunden halde betalinga tilbake, men ikkje openbart meir enn det som er naudsynt for å sikre Kunden sitt krav som følgjer av misleghaldet. Leverandøren kan ikkje halde tilbake ytingar som følgje av misleghald frå Kunden, med mindre misleghaldet er vesentleg.

4.3.2 Dagbot

4.3.2.1 Dagbot ved forseinking

Dersom Leverandøren ikkje overheld fristar som avtalt, føreligg forseinking som gjev grunnlag for dagbot. Ved forseinking begynner dagbot å løpe automatisk.

Dagbota utgjer 1% av vederlaget eks. mva., for den delen av tenesteytinga som påverkast av forseinkinga pr. kvardag forseinkinga varar, avgrensa til 20 kvardagar. Dagbota utgjer uansett minimum kr. 1000,- pr. kvardag.

Dersom det i samsvar med denne tenestekontrakta føreligg leveransar eller oppdrag som er særleg tidskritiske, kan partane avtale andre satsar for og anna varigheit av dagbot for den aktuelle leveransen.

Dersom dagbot ikkje dekker Kundens dokumenterte direkte tap som følgje av forseinkinga, kan Kunden søke erstatning for det overskytande beløp.

4.3.3 Prisavslag

Dersom det trass gjentatte forsøk ikkje har lykkast Leverandøren å avhjelpe ein mangel, kan Kunden krevje forholdsmessig avslag i kontraktssummen. Prisavslag er kompensasjon for redusert verdi av det leverte, og er uavhengig av eventuell erstatning.

Ved manglande oppfylling av krava i Kravspesifikasjonen, og ved manglande forseinka/oppmøte bestilt av oppdragsgjevar per tilfelle, skal det kunne trekkast i oppgjær til Leverandør etter satsane oppgjære under. Responstid på tilkalling frå oppdragsgjevar framkjem av Kravspesifikasjonen.

Prisavslag:

- Ved første gangs overtreding kr 0.
- Ved andre gangs overtreding kr 2000.
- Ved tredje gangs overtreding kr 5000.
- Ved fjerde gangs overtreding kr 8000.

4.3.4 Heving

Dersom det ligg føre vesentleg misleghald, kan den andre parten, etter å ha gitt den misleghaldande part skriftleg varsel og rimeleg frist til å bringe forholdet i orden, heve heile eller delar av avtala med omgåande verknad.

Dersom det som er prestert fram til hevingstidspunktet, er av ein slik art at Kunden har lite eller inga nytte av det presterte på hevingstidspunktet, kan Kunden i samband med heving velje å krevje tilbakebetalt vederlag for jamlege timar og eventuelle utgifter som Leverandøren har tatt mot under

avtala, med tillegg av renter, tilsvarande NIBOR pluss 1 prosent, frå det tidspunktet betaling er skjedd. Elles skal Kunden, i den utstrekning Kunden kan utnytte desse ytingane som føreset, betale for ytingar som var presterte før hevingstidspunktet med frådrag av prisavslag i samsvar med pkt. 4.3.3.

4.3.4.1 *Heving ved rettskraftig dom*

Dersom Leverandøren er rettskraftig dømt for deltaking i ein kriminell organisasjon eller for korrupsjon, bedrageri eller kvitvasking av pengar, eller er kjent skyldig i straffbare forhold som angår den yrkesmessige vandel, kan Kunden heve Avtala med umiddelbar verknad.

4.3.4.2 *Heving ved konkurs, akkord e.l.*

Viss det i forbinding med Leverandørens verksemd opnast gjeldsforhandlingar, akkord eller konkurs, eller anna form for kreditorstyring gjer seg gjeldande, eller Leverandøren er under avvikling, har innstilt si verksemd eller finn seg i tilsvarande prosess med heimel i nasjonale lover og forskrifter, har Kunden rett til å heve Avtala med umiddelbar verknad.

4.3.5 Erstatning

Ein part kan krevje erstatta kvart eit direkte tap, medrekna meirkostnadar ved dekningskjøp, tap som kjem av meirarbeid og andre direkte kostnadar i samband med forseinking, mangel eller anna misleghald i samsvar med pkt. 4.1, med mindre den misleghaldande parten godtgjer at misleghaldet eller årsaka til misleghaldet ikkje skriv seg frå den misleghaldande parten.

Erstatning for indirekte tap kan ikkje krevjast. Indirekte tap omfattar, men er ikkje avgrensa til, tapt fortjeneste av alle artar, tapte innsparingar, tap av data og krav frå tredjepartar med unntak av erstatningsansvar ein er dømt til for rettsmanglar.

Samla erstatning i avtaleperioden er avgrensa til eit beløp som svarar til avtalt vederlag eller eit øvre estimat for bistanden, eksklusive meirverdiavgift.

Desse avgrensingane gjeld likevel ikkje dersom den misleghaldande parten eller nokon denne svarar for, har utvist grov aktløyse eller forsett.

5 Andre vilkår

5.1 Forsikring

Leverandøren er forplikta til, for eiga rekning, å teikne og oppretthalde forsikringar tilpassa leverandørens verksemd og leveransens art. Leverandøren skal på kundens oppmoding, framleggje forsikringsbevis for kundens kontroll. Leverandøren har, uavhengig av kundens kontroll, ansvar for å ha forsikring som er dekkande for denne avtala.

5.2 Force Majeure

Skulle det inntreffe ein ekstraordinær situasjon som ligg utanfor partane sin kontroll som gjer det umogleg å oppfylle plikter etter denne avtala og som etter norsk rett må reknast som force majeure, skal motparten varslast om dette utan ugrunna opphald og forholdet skal dokumenterast skriftleg.

Den ramma parts forpliktingar suspenderast så lenge den ekstraordinære situasjonen varar. Den annan parts motyting suspenderast i same tidsrom.

Motparten kan i force majeure-situasjonar berre heve avtala med den ramma parts samtykke, eller viss situasjonen varar eller antakast å ville vare lengre enn 90 kalenderdagar rekna frå det tidspunkt situasjonen inntreier, og då berre med 15 kalenderdagens varsel. Kvar av partane dekkar sine kostnader knytt til avslutning av avtaleforholdet.

I forbindelse med force majeure-situasjonar har partane gjensidig informasjonsplikt ovanfor kvarandre om alle forhold som må antakast å vere av betydning for den annan part. Slik informasjon skal gjevast så raskt som mogleg.

6 Overføring av rettigheter og plikter

Partane kan ikkje overføre rettigheter eller plikter etter denne Avtala til tredjepart utan etter skriftleg forhandssamtykke frå den andre parten. Samtykke kan ikkje nektast utan sakleg grunn.

Dersom Leverandøren fusjonerer eller fisjonerer har Kunden rett til å heve Avtala umiddelbart.

7 Tvistar

Partane sine rettar og plikter etter denne avtala vert i heilskap fastsett av norsk rett.

Dersom det oppstår tvist mellom partane om tolkinga eller rettsverknadane av avtala, skal tvisten først søkast løyst ved forhandlingar mellom partane.

Dersom ein tvist i tilknytning til denne Avtala ikkje blir løyst etter forhandlingar, kan partane forsøke å løyse tvisten ved mekling.

Partane kan velje å leggje Den Norske Advokatforenings reglar for mekling ved advokat til grunn, eventuelt modifisert slik partane ønsker. Der forutsetjast at partane blir einige om ein meklar med den kompetansen partane meiner passar best i forhold til tvisten.

Den nærmare framgangsmåten for mekling bestemmast av meklaren, i samråd med partane.

Dersom ein tvist ikkje blir løyst ved forhandlingar eller mekling, kan kvar av partane forlange tvisten avgjort med endeleg verknad ved norske domstolar.

Verneting er Møre og Romsdal tingrett.

Partane kan alternativt avtale at tvisten blir avgjort med endeleg verknad ved voldgift i Noreg. Kvar av partane skal oppnemne ein voldgiftsdommar. Dei partsoppnemnte voldgiftsdommane skal innan ein månad deretter oppnemne voldgiftsrettens tredje medlem, som er voldgiftsrettens leiar. For øvrig gjeld reglane i lov om voldgift 14.mai 2004 nr. 25 (voldgiftslova).